



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

19.08.2026

Vår ref:

2026/11222

Dykkar dato:

15.06.2026

Dykkar ref:

202609862

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad - uttak av grunnvatn - Andvikelvassraget - Øvredalen til Masfjorden vassverk - Masfjorden

Statsforvaltaren legg til grunn at etableringa av drikkevassbrønner i Øvredalen skjer med minst mogleg nye varige naturinngrep, i tråd med miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, og at det blir stilt krav om avbøtande tiltak som er omtalt i søknaden.

Vi viser til høyringa av søknad om uttak av grunnvatn til Masfjorden vassverk.

Bakgrunn

Masfjorden vassverk vil auke vassuttaket for å kunne levere nok vatn til abonnementane. Det er etablert to grunnvassbrønner i sørenden av Storevatnet i Øvredal. Det er planlagt gjennomsnittleg vassuttak på 21 liter/sekund grunnvatn, og maksimalt 25 liter/sekund.

Tiltaket vil få negativ konsekvens for terrestrisk naturmiljø, då inngjerding av inntaksbrønnane vil føre til tap av naturbeitemarka [Storevatnet sør \(NINFP2510215160\)](#). Ut over dette er det ikkje venta konsekvensar av betydning for naturmangfald. Det er då lagt til grunn at gyteområde for sjøaure vil bli kartlagt og ivareteke i detaljplanlegging av røyrtaséen. Andvikelva er eit viktig sjøaurevassdrag, med tidlegare svært høge fangstar, og det er framleis eit høgt produksjonspotensial i vassdraget. Det er ikkje venta at grunnvassuttaket vil påverke vassføringa i elva.

Vår vurdering

Vassuttak til drikkevassføremål har høg prioritet opp mot andre samfunnsinteresser. Tiltaket vil føre til tap av ei svært viktig naturbeitemark, men er elles venta å få små konsekvensar for naturmiljøet.

Vi legg til grunn at naturmiljøet vil bli ivareteke i tråd med miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12. I dette ligg det mellom anna at tiltaket blir utført med minst mogleg nye naturinngrep, og at området blir tilbakeført etter moderne praksis basert på naturlege terrengstrukturar og naturleg frøbank. Vi konstaterer at sjøauren vil bli ivareteke slik det er omtalt i søknaden.

Vi viser til forureiningslova § 7 om å unngå forureining.

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Masfjorden kommune
Vestland fylkeskommune

Austfjordvegen 2724
Postboks 7900

5981
5020

MASFJORDNES
BERGEN